

# FRÅ JÆREN TIL SUNNFJORD

Eg er berre  
ei sleggje.  
Eg stend der no.  
Eg lyt berre til  
når det røyner på.

*Olav H. Hauge*

## DIKTARVEGEN

A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

# DIKTARVEGEN

RV 13 startar på Jæren og går gjennom Ryfylke, Hardanger, Voss, Sogn og endar i Sunnfjord. Langs denne vegen er fem store klassiske norske forfattarar fødde.

Målsetjinga med prosjektet er å etablere den første litteraturruta i Noreg, der desse fem forfattarane og deira lokale senter skal vera ryggrada.


Reisande langs RV 13 skal få møta forfattarane i deira eigne miljø. Målet er å skapa kulturopplevingar – og kanskje eit høve til ettertanke.

Dette skal gjerast ved å synleggjera arbeidet deira på stoppunkt langs turistvegen, samarbeida om kulturprosjekt og pedagogiske opplegg, utvikla felles litteraturnettverk, tilretteleggja fysiske utstillingar og å styrkja ruta som indre stamveg.

Ein legg no grunnlaget for å utvikla og formalisera diktarvegprosjektet til å bli ein ressurs for nærings- og utviklingsarbeidet i 16 kommunar, 5 regionar og 3 fylkeskommunar. Målet er å nytta kulturkapitalen etter dei fem forfattarane til noko positivt og utviklande for framtida.

Samarbeidspartar:

IS Fjordvegen, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Nasjonalt Garborgsenter, Ramus Løland-markeringa 2007-2011, Haugestiftinga, Jakob Sande-selskapet og Sivle-laget; i samarbeid med Sparebank Vest, Hardangerrådet, HAVS Regionråd; Ryfylkefondet og Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.



## Jakob Sande

(1906–1967), Fjaler i Sunnfjord

Folkekjær visediktar, ramsalt spottar og vår lyrikar.

Sande sine dikt spenner om eit vidt register av motiv og tema; bygdeliv og barndom, sjømannsliv, slitarar og syndarar, prestar og predikantar. Burlesk humor, beiskt hat, sår lengt, grotesk komikk, vare naturstemningar – alt er der.

*Det lyser i stille grender; Fløytelåt; Likfunn* og *Då Daniel drog* er kjende dikt frå Sande.



## Per Sivle

(1857–1904), Aurland i Sogn/Voss

Lyrikar, novellist og sogeforteljar, journalist og redaktør

Kjend for dikta/songane sine, mest for *Den fyrste Songen* og *(Vesle) Lerka*. Også kjend for *Vossastubba'*, *Sogor* (*Berre ein Hund; Fanta-Nils*) og sogedikt som *Tord Foleson*, dessutan for den fyrste norske arbeidromanen, *Streik*.

Skreiv på både landsmål, vossamål og norsk-dansk (riksmål), t.d. *Vi vil os et Land*.



## Olav H. Hauge

(1908–1994), Ulvik i Hardanger

Diktaren og gartnaren frå Ulvik vert rekna som vår fremste lyrikar i etterkrigstida. Hardanger-landskapet og naturen er tydeleg til stades i lyrikken, men forfattarskapen er likevel av internasjonalt format. I tillegg til egne dikt gav han ut fleire samlingar med utanlandske dikt.

Diktsamlingar frå Hauge: *Glør i oska; Under bergfallet; Seint rodnar skog i djuvet; På Ørmetuva; Dropar i austavind; Spør vinden og Janglestrå*.



## Rasmus Løland

(1861–1907), Suldal i Ryfylke

Løland vert rekna som ein pioner i norsk barnelitteratur. Han skreiv om kollisjonar og konflikhtar mellom born og vaksne, utan å moralisera. Løland skreiv også litteratur for vaksne, i alt bortimot 30 verk.

Mest kjend for *Paa sjølvstyr; Kor vart det av jola?; Det store nashorne; Hundrad aar*.



## Arne Garborg

(1851–1924), Time på Jæren

Intellektuell, fritenkjar og samfunnsdebattant, redaktør og forfattar, oppteiken av identitet og det europeiske. Tok opp tema som framleis er av allmenn interesse, til dømes spørsmål som gjeld religion og korleis folk kan påverka politisk.

Ein av våre største diktarar gjennom tidene, og har skrivne store verk som til dømes *Haugtussa; Bondestudentar; Mannfolk* og *Knudaheibrev*.





### Segnomsust drikk

Dei fleste gardane i Hardanger har ei hemmeleg oppskrift på sterk og god sider. Epledyrking og siderproduksjon har vore tradisjon i Hardanger heilt sidan 1200-talet då munkane kom til Hardanger med desse kunnskapane. Fruktgardar i Hardanger produserer enno ekte Hardanger-sider: Smakar og luktar friskt av eple, er klår og brusar lett med det same den kjem i glaset. Skåll!

### Gudefisk

Flyndrefisken, som i mytisk tid vart kalla "gudefisken" og sett på som heilag, vert oppdretta i fire år før den er klar for servering. I Hjelmeland vert det årleg produsert 1000 tonn kveite. Kveite frå Hjelmeland har vore med på å vinna pris for beste fiskerett under kokke-VM.

Kjerag, eit fjellplatå inst i Lysefjorden, ligg 1084 loddrette meter opp frå sjøflata.

Sjølvs Preikestolen vert ein smågut i samanlikning.

Om lag 5 minuttars gonge frå sjølve Kjerag, ligg Kjeragbolten, ein stein som heng i lause lufta, 1000 meter over Lysefjorden.



### Nynorskens skog i Førde

Nynorskens skog er tittelen på ein song skriven av musikaren og multi-kunstnaren Oddvar Torsheim, inspirert av Beatles-songen *Norwegian Wood, This Bird Has Flown*.

Eit lite skogholt i nærleiken av Torsheim-statuen i Førde sentrum har fått namn etter songen, og er ifylgje Førdefestivalen det flottaste konsertområdet i Førde.

### Fjaler United

På verds-gymnaset i Fjaler møtest elevar frå heile verda, og eit av kjenneteikna ved skulen er stort samfunnsengasjement. Skulen driv eit nært samarbeid med Røde Kors, har 180 studentar frå opptil 80 ulike land, og kan få stor innverknad på humanitært arbeid verda over.

### Ost – med skjenkerett

Eit av dei siste meieriutsala i Noreg finn du i Vik, det einaste meieriet i verda som produserer gammalost. Kafedrift er ein del av konseptet, og her kan ein til dømes nyta osteinreting med ein god vin i glaset.



### Svandalsfossen

Frå stranda ved Saudafjorden ligg storfossen 540 trappetrinn lenger oppe. Fossen er gjort tilgjengeleg ved hjelp av sti og trappekonstruksjonar som fører deg langs ei vill og mektig elv. Elva lønnar klatreturen med ein frisk dusj og let deg oppleve storfossen på nært hald.

Svandalsfossen er del av Nasjonal turistveg.

### Design for alle

Hardanger Bestikk er Skandinavias største produsent av bestikk i rustfritt stål. Produkta byggjer på gamle handverkstradisjonar, samstundes som dei held tritt med den teknologiske utviklinga. Kinsarvik-bedrifta har nyleg motteke to prisar frå Norsk Designråd.

### Med stø hand

Langs Fjordvegen finn ein eit rikt og variert næringsliv. Mange finn inspirasjon til å utvikla seg i den lokale tradisjonen. Familien Eldal held til like ved Fossestien på veg opp til Gaularfjellet. Her produserer dei husflidsprodukt i tre som er teke ut frå eigen skog. Emna vert rosemåla med gamle, tradisjonsrike mønster frå deira eige dalføre, Viksdalen.



### Elvesport

Voss Rafting er ei av mange verksemdar langs Fjordvegen som har oppdaga korleis ein kan foredla det naturen byr på. Aktivitetar som ein i utgangspunktet kan gjera sjølv, men som blir langt lettare for mange å oppleve når det er tilrettelagt.

Strandaelvi og Raundalselvi ved Voss er rangerte blant dei beste raftingelvane i Europa, og her vil du nok få kjenna adrenalinet pumpa.

### Speketradisjon

Lokal vidareforedling av råvarer skapar nye næringar og viktige nisjeprodukt. Gunstig klima ved Mostøl i Suldal er årsaka til at Suldalsskinka får ein heilt spesiell karakter. Skinka vert tørka og modna i frisk fjellluft 650 moh og er etter eitt år klar for kvalitetsmedvitne ganar. Produksjonen byggjer på speketradisjon som tok til for seks generasjonar sidan.



Ved ferjekaia på Vangsnes i Vik kommune ruvar statuen av segnfiguren Fritjov den Frøkne (modige).

Keiser Wilhelm II av Tyskland vitja Sognefjorden kvart år før første verdskrigen. Han vart begeistra for segna om vikingen Fritjov og reiste statuen som eit teikn på dei sterke bindingane han hadde til Noreg.

I 1913 var 5000 menneske samla på den vegause staden Vangsnes for å avduka monumentet. Kong Haakon var ein av gjestene.



# LANGS VEGEN

## Stamveg

Kommunane langs RV 13, 16 i talet, og 3 fylkeskommunar har etablert selskapet **IS Fjordvegen**.

Denne organisasjonen har som føremål å styrkja den viktige indre samferdselsåra på Vestlandet, og arbeider for at heile strekninga skal få status som stamveg. Det er og ei målsetjing at vegstrekninga skal verta ei endå meir spennande turistrute. Dei norske fjordane er kåra til det beste reisemålet i heile verda. Kva kan då vera betre grunnlagsinvestering enn stamvegstandard på turistvegen Fjordvegen – RV 13?

RV 13 er ei livsnerve for kommunane, næringslivet og den enkelte innbyggjar i regionen den passerer.

Stortingsmeldinga om Nasjonal Transportplan – NTP 2010–2019 – blei fredag 13. mars lagt fram av regjeringa.

IS Fjordvegen ser samla sett positivt på meldinga for dei sørlegaste fylka – Rogaland og Hordaland. Dette ikkje minst med grunnlag i at heile strekninga frå Sandnes til Voss no får status som stamveg. Ras- og trafiksikring har også fått prioritet. Fleire av enkelttiltaka Fjordvegen ynskjer gjennomført ligg og inne i den neste 10-årsperioden.

For den delen av RV13 som ligg i Sogn og Fjordane, er forholdet annleis. Fjordvegen vil ha stamveg vidare over Vikafjellet, via ferjesambandet over Sognefjorden frå Vangsnes, og så følgja RV 55 mot eksisterande stamvegnett – RV 5 i Sogndal og E 39 i Vadheim.

Dette har vore eit prioritert tiltak i Fjordvegen som så langt ikkje har fått gjennomslag.

### Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma vil tre i kraft 1. januar 2010.

Ansvar for det vesentlege av riksvegnettet og riksveger ferjer som ikkje er knytt til stamvegnettet blir frå nemnde dato overført frå staten til fylkeskommunane.

Fylkeskommunane overtek ansvaret for dette vegnettet med den standarden det har ved overtakinga og med dei rettar og plikter som er på dette tidspunktet.

Den delen av vegnettet som blir overtatt av fylkeskommunane, vil frå 1. januar 2010 få nemninga fylkesvegar.

Kor vellukka denne endringa blir, er sterkt avhengig av at overføringar frå staten til nyanlegg, utbetring, rassikring og vedlikehald blir på eit nivå som gjer nødvendig standardheving muleg.

fjordvegen.no



## Prioriterte tiltak i IS Fjordvegen

- **Hardangerbrua**
- **Vossapakken**
  - Voss grense – Øvre Granvin
  - Palmafoss – Mønshaug
- **Rassikring**
  - Osberg – Kilane (Rogaland)
  - Bu – Brimnes (Hordaland)
- **Ryfast**
- **Sandsfjordbrua**
- **Vikafjellet**
  - Ny lang tunnel
- **Vedlikehald og trafiksikring**

I tillegg kjem utarbeiding av planar for Odda-pakken, som er tredelt:

1. **RV 13 gjennom Odda**
2. **RV 13 i Oddadalen**
  - Traséval og rassikring
3. **RV 13 påkobling til Folgefonnhalvøya**

# FRAMTIDA FOR VEGEN

## Nasjonal turistveg

Tre strekningar vil frå 2012 få status som nasjonal turistveg:

### Gaularfjellet

Vegen over Gaularfjellet, mellom Dragsvik ved Sognefjorden og Moskog ved Førde, fører deg inn i Fosseheimen. Langs Gaularvassdraget går vegen langs stryk, fossar og blanke vatn som ligg som perler på ei snor. Køyreturen er spennande og variert, her er tronge fjordar og vegen går i slyng opp bratte fjellsider, over høge fjell til lune dalar. Mektig Vestlandsnatur!

### Ryfylke

Frå dramatiske Preikestolen til grønt og venleg landskap. Vegen kryssar fjord og fjell og er eit møte med variert natur, der grøne fjordidyllar og kulturlandskap brått vekslar med steinurer og blankskurte stup. Eit frodig landskap med eit omfattande nett av turstiar. Vegen går gjennom bygder og tettstader med kulturelle attraksjonar.

### Hardanger

Nasjonal Turistveg Hardanger strekkjer seg frå vidde til fjord, gjennom vakker og frodig vestlandsnatur med isbreen Folgefonna tronande i bakgrunnen.

Hardanger byr på både stille idyllar og dramatiske naturopplevingar. Kontrastane er store mellom viddelandskapet med stupbratte fjellsider, drønnande fossefall og ut til blikkstilte fjordarmar.



Fem organisasjonar har funne kvarandre i prosjektet DIKTARVEGEN.

Dei er ulike i organisering og omfang, men felles for dei alle er engasjementet og ønskja om å ivareta kulturarven etter diktarane og å forvalta denne kapitalen på best muleg måte.

## Nasjonalt Garborgsenter Time på Jæren

*Gamle og unge er i strid. Men det må så vera. Var det ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.*

Nasjonalt Garborgsenter skal fremja Hulda og Arne sine visjonar, som handlar om langt meir enn litteratur.

Senteret skal vera ein aktiv og aktuell samfunnsinstitusjon med vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt. Å representera det nye, men vera trygt tufta på det som er ekte og lokalt, samstundes som ein er søkjande og opne for idear og utviklingsdrag i Europa og i verda elles.

Nasjonalt Garborgsenter opnar i 2011.

Målgruppa er unge menneske.

[garborg.no](http://garborg.no)

## Jakob Sande-tunet Dale i Sunnfjord

Lengt og lått – bøn og banning

*Det som var kjent vart ukjent og det som var ukjent kjent.*

Diktinga til Jakob Sande er både konkret og undrande.

*Eg såg meg ikring forbina, og vende meg fyrst mot aust, der tempel imot meg lyste istadenfor gamle naust.*

Den klangfulle poesien til Sande vert halden i hevd, på scena og der folk treffest.

Jakob Sande-selskapet fører arven vidare, med utgangspunkt i tunet på Klokkargarden, bardomsheimen i Fjaler.

Her samlast kunnskap om Sande. Her kan ein ta del i diktinga hans og føra tradisjonen vidare.

[jakobsande.no](http://jakobsande.no)

## Haugesenteret Ulvik i Hardanger

*Kjem T'ao Ch'ien  
på vitjing ein dag, vil eg  
syna han kissebertrei og aplane mine*

I Hauge si dikting har lokale motiv klangbotn i eit større univers. Interesse for Hauge si dikting ute i verda er stor. Eit overordna mål med Haugesenteret er å knyta saman det lokale og det internasjonale – Hauge til verda og verda til Ulvik!

Haugesenteret skal vera ein stad for fordjuping i og formidling av Hauge si dikting. Vidare ynskjer me å vera ein arena for nyskaping innan lyrikk, kunst og kultur. Haugesenteret skal vera ein nasjonal og internasjonal møteplass med forankring i lokal og regional kunst og kultur.

Målet er at senteret skal opne i 2012.

[haugesenteret.no](http://haugesenteret.no)

## Lølandsenteret Suldal i Ryfylke

*Eit liv utan draum og tullskap, det vart no vel altfor svart.*

Lølandsenteret skal vera eit ressursenter for nynorsk barnekultur. Alle som arbeider med born, kulturskular, skular og barnehagar i heile landet, skal kunna ausa frå ressursane i senteret.

Lølandsenteret vil setja fokus på og heva statusen for barna sin kultur og litteratur. Innhaldet i senteret skal vera samla om litteratur, språk, musikk, media, lokal identitet, integrering, barnrettar og demokrati.

Lølandsenteret skal opnast i 2011.

[nashornet.no](http://nashornet.no)

## Sivle-laget Aurland og Voss

*At merket det stend  
Um Mannen han stupa*

Sivle-laget vil styrkja interessa for og kjennskapen til Per Sivle si dikting. Det er ei målsetjing å styrkja Sivle-samlinga i Aurland og Sivle-minna på Voss Folkemuseum for å kunne gje fyldig dokumentasjon kring diktinga til Sivle. Den gamle Sivle-stova i Flåm er teken vare på og skal byggjast opp igjen, og vil også verte nytta til dette arbeidet.

Ingen annan norsk diktar har skriva seg lenger inn i sjela hjå den vanlege nordmann enn det Per Sivle har gjort med *Den fyrste songen*.

[sivlelaget.no](http://sivlelaget.no)

DEN FØRSTE LITTERATURRUTA I NOREG